


# Referat møte Samarbeidsutvalet

## Solsida Barnehage

Onsdag 18.11.2020 kl. 17:00-19:00

 Sak	Innspel	Konklusjon	Ansv/frist
Velkommen v/Elin <ul style="list-style-type: none"><li>• Info om lærandemøte</li></ul>			
Presentasjon av Samarbeidsutvalet og  Val av leiar i Su  Samarbeidsutvalet sine oppgaver	Mariell Skildheim, Magdalena Januszkiewicz Mona Kleiva May Britt Holme Camilla Kalland Olset Randi Erdal Elin Hagen Britt Kleiven Urnes  Foreldra ynskje loddtrekning  Sikrer samarbeidet med barnas hjem, fremmer fellesinteresser, bidra til å skape et godt barnehagemiljø uttale seg på vegna av foreldra	<b>Johanne Viken Sandnes</b> vart trekt og blir leiar i Su barnehageåret 2020/21	
Gjennomgang av referat frå sist møte	Elin går gjennom referatet frå Su møte februar 2020. <ul style="list-style-type: none"><li>• Gebyr frå barn henta etter stengetid</li><li>• 17 mai,</li><li>• fotografering,</li><li>• foreldremøte,</li><li>• lukt på Saturn og Mars- (det lukter fortsatt dårlig- tiltak- tepper i garderoben blir fjerna, ventilasjonssystemet blir skifta)</li></ul>		
Innspel til årsplan  Framlegg til vedtak: Årsplan Solsida 2020-21 er godkjent	Foreldre rep. - lite informasjon, bruker den ikkje mykje. Bruker månedsplan frå avdelinga, den gjev god informasjon. Kanskje planen burde vere for ½ år, slik at det er mogleg å oppdatere?	Planen er godkjent. Neste plan skal ha brannveka i kalenderen.	

	<p>Rep.foreldre -brukte planen mykje i starten, kjekt å sjå på bilder. Grei når man begynner i barnehagen, treng litt oppdatering i høve matsservering no under korona.</p> <p>Foreldre rep.-grei i starten, ligger på rett nivå</p> <p>Foreldre rep. Planen gjev eit godt først inntrykk av barnehagen. Står alt ein trengjer å vite. Brukte den mykje første året, bruker den framleis når er usikkert på dato t.d planleggingsdag.</p> <p>Tilsett rep. kanskje brannveka skulle stått i kalenderen.</p>		
Barnehageplan-utsett	Er ikkje komme på høyring endå, saka er utsett		
Koronadrift i bhg - Informasjon	<p>Informasjon om auka fokus på smittevern internt i barnehagen. Grunngeving: vi ynskjer å vere budd den dagen smitten vert avdekt i Sunnfjord. Vi har utarbeida beredskapsplanar for overgang til raud. Vi vil no sende ut ein informasjonsskriv til føresette i barnehagen og informere om dei tiltaka vi har sett i verk.</p> <p>Innspel til informasjonsskriv:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjere foreldre merksame på at ein må skunde seg på garderoben, sidan andre ventar i kø.</li> <li>• Bør vi stenge uteområdet om kvelden?</li> <li>• Minne foreldre at alle skal sprite/vaske seg inn og ut av barnehagen. Gjeld både vaksne og barn.</li> <li>• Det er ulikt frå avdeling til avdeling kva rolle foreldra skal ha i høve borna sine handvask inn i barnehagen. Det kjem an på om handvask er tilgjengeleg på garderoben eller ikkje. Kvar avdeling informerer tydeleg om dette, gjerne med oppslag.</li> </ul>	<p>Styrar skriv til foreldre:</p> <p>Skrivet skal innehalde:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Foreldre må vere effektive og kjappe på garderoben slik at det ikkje blir kø.</li> <li>- Foreldra må sprite/vaske seg når dei kjem til barnehagen.</li> </ul> <p>• Vi stenger ikkje av uteområdet på kveldstid</p>	

<p>Innmeldt sak Måltid/matpakke</p> <p>Drøfting</p>	<p>Det er meldt inn spørsmål om kvifor vi ikkje serverer mat i barnehagen når rettleiaren opnar for det. Styrar/tilsette forklarar kvifor smøremåltid er ikkje god løysing på gult nivå:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Rettleiaren opnar for at vi servere mat, men born kan ikkje medverke i tilbereding av mat, og maten skal serverast porsjonsvis.</li> <li>- Ein sparer mykje tid/voksen ressurs på å ha matpakke.</li> <li>- I ei tid der personalet ikkje kan gå på jobb om ein har sjølv lette symptom på forkjøling, har vi mykje uforutsett fråvær. Vi ynskje å bruke dei ressursane vi har tilgjengeleg, i direkte arbeid med borna.</li> <li>- Syner til skriv frå kommunalsjef.</li> </ul> <p>Innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• foreldre har hørt at andre barnehagar (ikkje kommunale) serverer mat no. Usikker på korleis dei organiserer det, kanskje dei har kokk/kjøkkenpersonell? Viktig at foreldra får informasjon om kvifor vi vel å ikkje servere mat no, det er mange som lurar på det.</li> <li>• Kanskje det går an å vurdere om ein kan servere mat i barnehagen att på våren når det blir mindre luftvegssymptom?</li> <li>• det tar litt tid heima til å lage måltid, så den tida som barnehagen sparer er tatt frå heimane.</li> <li>• viktig med sosiale aspektet ved fellesmat/måltid og.</li> <li>• Kunne ein kanskje begynne med å innføre eit måltid, t.d. fruktmåltida?</li> <li>• Barn hosta og nys impulsivt, virus er luftboren smitte. Tenkjer</li> </ul>	<p>endå. Vurdere det fortløpande utfrå smitte situasjon, og tilrådingar sentralt/lokalt.</p> <p>Styrar sender ut felles informasjon til føresette om kvifor vi ikkje servere mat i barnehagen no.</p> <p>Vi vurderer om det er mogeleg å starte oppatt med servering av eit eller fleire måltid, dette vil i tilfelle gjelde alle barnehagane i Sunnfjord Kommune. Foreldra vi få informasjon om vi ser at vi kan</p>	
---	--	---	--

	det er greitt å minimere smittefare der ein kan.	servere eit eller fleire måltid.	
Satsingsområde	ActNow- vi er kontroll gruppe Dermed jobbar vi vidare med Inkluderande barnehage		
Orientering om stillingar, sjukefråvær, økonomi + Barnehagesatsinga	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Stillingar- Solsida har 23 årsverk i sitt budsjett og har 26 fast tilsett</li> <li>- Pedagognorm- er innfridd</li> <li>- Sjukefråvær-høgt</li> <li>- Barnehagesatsing- dialog med Nav, vi jobbar med arbeidsmiljøet og kommunikasjon</li> </ul> <p>Økonomi: Vi har i år gått til innkjøp av skrivar/kopimaskin, og tak-overbygg til vogner på Mars avdeling.</p> <p>Forvaltning drift og vedlikehald har sagt at dei skal skifte ut ventilasjonsanlegg i Haugum. Dei skal og fjerne teppe i garderobane på Haugum, og montere klemsikring på dørene på Solsida Toene.</p> <p>Ønskeliste: uteområdet Haugum – leikeapparat tilpassa dei eldste borna, oppvaskmaskin Haugum, nye sykklar både på Haugum og Toene, bål-hytte både på Toene og på Haugum. Fjerne noko asfalt på Haugum.</p>		
Foreldre app i Visma Innspel: ynskje om Vigilo eller likande	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sunnfjord kommune brukar Visma, og bruk av foreldra appen i Visma er like rundt hjørnet.</li> <li>- Vi oppdaga i møte at vi må gå endå ei runde for å sikre systemet før vi tek det i bruk.</li> </ul> <p>Innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det kan vere greitt å informere om fråvær på sms til å sikre at beskjed har nådd fram i ein overgangsperiode.</li> <li>- kvifor kan vi ikkje bruke anna app?</li> </ul> <p>Fordi Visma er det programmet Sunnfjord kommune har valt å satse på/gå til innkjøp av. Visma har både barnehage-, skule-, økonomi- og personal-program.</p>		

<p>Heimesida vår</p>	<p>-vi jobbar stadig med denne. Nett no jobbar vi med å legge oss på rett nivå når det gjeld bilde og kort oppdatering om div ped.opplegg som vi har i barnehage under Nytt frå barnehagen.</p>		
<p>Avdelingsinndeling på Solsida Haugum. To foreldre har spelt inn at dei ynskjer at Haugum går attende til alderstinddelte avdelingar. Dette for at ein opplever at dei eldste borna ikkje får eit godt nok tilpassa tilbod når ein må ta omsyn til dei mindre borna på avdelinga.</p>	<p>Historikk:</p> <p>Tidlegare hadde vi ei avdeling for born 0-2 år, og to avdelingar for born 3-5 år på Haugum.</p> <p>Rundt 2010 gjekk vi over til å ha ei avdeling for born 0 -2 år, ei for born 2-3 år, og ei for born 4-5 år.</p> <p>Vi opplevde at denne organiseringa hadde mange fordelar i høve å kunne tilpasse det pedagogiske opplegget på avdelinga.</p> <p>Samtidig såg vi at vi at denne organiseringa hadde negative konsekvensar for born som av ulike grunnar var sårbare for endringar. I staden for to «tilvenningar» i barnehage, gav vi dei tre.</p> <p>Kompetanseteamet/PPT argumenterte for at vi burde gå attende til ei organisering der borna berre fekk eit byte av avdeling i barnehagetida si.</p> <p>Personalet gav og tilbakemelding om at det å setje saman ei heil avdeling med born som skal teste ut eigen evne til å påverke omgjevnadane (les: tre åringar), kanskje ikkje er det luraste.</p> <p>Difor valde vi i 2018 å gå attende til organisering med ei småbarnsavdeling og to storbarnsavdelingar. Samtidig innførte vi eit prinsipp om at ein voksen fylje med frå liten til stor avdeling, dersom vi vurderer at borna vil ha god nytte av det.</p> <p>Samtidig byrja barnetalet i kommunen å gå nedover, noko som resulterte i at vi måtte gjere om nokre store plassar, til småbarnsplasser. Dermed vart det to</p>	<p>Konklusjon:</p> <p>SU meina ikkje det er tenleg å endre organiseringa. SU ynskjer at barnehagen skal jobbe for å gjere tilbode meir spennande/tilpassa 5 åringane.</p>	

avdelingar for barn i alderen 2-5 år. I 2020 har den eine avdelinga faktisk born frå 1-5 år, og småbarnsavdelinga er ei rein 1 års avdeling.

Personalet ser mange fordelar med denne organiseringa. Vi ser at dei store barna har mykje glede av å hjelpe/syne omsorg for dei mindre. Vi ser og at dei minste lærer mykje av sine «store» rollemodellar.

Innspel:

- Opplever at personalet er flink til å dele i smågrupper og tilpasse til alder.
- Saka vart diskutert på foreldremøte, nokre foreldre ynskjer at dei store barna er i lag heile tida, og at dei vaksne kan ha fokus på, og tilrettelegge for dei på deira nivå.
- Vanlegvis har ein meir samarbeid på tvers av avdelingane, fem-års gruppe, fire-års gruppe osv. Smittevern og det at ei avdeling har aldersspenn 1-5 år, har gjort dette vanskelegare i år.
- Nokre foreldre har sterke meiningar om dette. Eg opplever at fleire foreldre er fornøgde slik det er no. Eg ser fordelar med slik det er no, t.d. at dei små lærar av dei store.
- Går det an å planlegge betre slik at dei store kan være meir i lag og ha fleire aktiviteter tilpassa deira nivå?
- Kan SU vedta at ein skal endre på organiseringa? –Su kan komme med sitt synspunkt i høve organiseringa.

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Viss organiseringa er fagleg grunngeve, bør ein ikkje endre organiseringa med heller prøva andre tiltak for å betre tilbodet for dei eldste borna.</li> <li>• Einig. I tillegg må vi ta høgde for dei Korona-avgrensingane</li> <li>• Opplever at det er ulike utfordringa på ulike avdelinga</li> <li>• Så lenge smittevernreglane opnar for at vi kan samarbeide med på tvers av avdeling/kohort, er det ein god ide med førskulegruppe minst to gonger i veka. Det kan vi jobbe mot.</li> <li>• Det ville og vore enklare å samarbeide/tilrettelegge om ein fekk auka grunnbemanning. Det kan vi og jobbe mot.</li> </ul>		
Avrunde avtale nytt møte	<p>Saker til vår-møte:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Overnatting for 5 åringane. Er det tid for å avvikle ordninga?</li> <li>• Fotografering</li> <li>• 17.mai fana.</li> </ul>		